



Møteprotokoll

Utval: Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen

Møtestad: Teams

Dato: 10.02.2025

Tidspunkt: 09:00 - 10:30

Følgjande faste medlemmer møte:

Namn	Funksjon	Representerer
Leif Solemsli	Leder	VANG
Harald Sve Bjørndal	Medlem	VÅGÅ
Marit Sletten	Medlem	LOM
Trude Brosvik	Medlem	VLFK
Geir Arve Sandvik	Medlem	LUSTER
Christian Sønstlien	Nestleder	ÅRDAL

Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
Åse Harjo Øvstegård	Medlem	IFK

Følgjande varamedlemmer møte:

Namn	Møtte for	Representerer
------	-----------	---------------

Merknad

Vi har ikkje fått melding om forfall frå Åse H. Øvstegård, og vararepresentant er dermed ikkje innkalla.

Marit Sletten slutta seg til møtet under gjennomgang av referatsakene.

Stein Windingstad møtte for SNO.

Andre frammøtte:

Namn

Eldrid Nedrelo

Kari Sveen

Underskrift:

Vi stadfestar med underskriftene våre at det som er ført på dei sidene vi har signert i møteboka, er i samsvar med det som blei vedteke på møtet.

Leif Solemsli

Geir Arve Sandvik

Saksliste

Utvalgs-saksnr	Innhold	Lukket	Arkiv-saksnr
ST 1/2025	Godkjenning av innkalling og dagsorden		
ST 2/2025	Referatsaker		
RS	Informasjon - opplegg for ferdselstelling - Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen - midler til tiltak i verneområder - naturrestaurering - SNO-ressurser - 2025		2024/12570
RS	Referat - Møte mellom Utladalen nasjonalparksenter og forvaltinga i Utladalen landskapsvernområde - 22.10.24		2024/11515
RS	Statusrapport for Memurubu Minikraftverk for 2024 og fremdriftsrapport for 2025		2018/618
RS	Dialogmøte Jotunheimen / DNT-Oslo og Omegn / Referat frå møte 11. desember 2024		2025/1701
RS	Tilbakemelding til NVE - saken avsluttes - Utladalen LVO - dispensasjon og konsesjon - Skogadalsbøen mikrokraftverk - DNT Oslo og Omegn - Kleppconsult AS		2019/8456
RS	Referat frå møtet om vandrekart i Turtagrø-området og Jotunheimen	X	2025/1729
RS	Utladalen landskapsvernområde - Referat frå møte om motorferdsel i Utladalen 09-12-24	X	2025/1730
ST 3/2025	Delegerte vedtak		
1/2025	Delegert vedtak - Jotunheimen NP - Dispensasjon - Motorferdsel snødekt mark 2024 - ferdigstilling av naust og transport av båt - Rundhaugtjønne i Luster - 215/1/10 - Sognefjellshytta		2019/18592
2/2025	Delegert vedtak - Utladalen LVO - dispensasjon - Motorferdsel - 2024 - 2027 - snøskuter - Vetti - Vettismorki - taubane - Vetti gard		2024/10764
3/2025	Delegert vedtak - dispensasjon - Jotunheimen NP - Utladalen LVO - snødekt mark - øvingsplan - Lom og Bøverdalen Røde Kors Hjelpekorps		2025/657
ST 4/2025	Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen - Møteplan 2025		2025/1607
ST 5/2025	Jotunheimen NP - dispensasjon - 2025 - Ny avløpsløsning for Gjendebru - DNT Oslo og Omegn		2025/221
ST 6/2025	Utladalen landskapsvernområde - Dispensasjon - 2025 - Montering av nye solcellepanel på Skogadalsbøen og fasadeendring på materialboden - DNT Oslo og Omegn		2024/10385
ST 7/2025	Innspel til Klima- og miljødepartementet ang. organisering av verneområdeforvaltinga - Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen		2024/13635

ST 1/2025 Godkjenning av innkalling og dagsorden

Saksprotokoll i Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen - 10.02.2025

Behandling

Vedtak

Innkalling og dagsorden godkjent.

Geir-Arve Sandvik vart vald til å skrive under protokollen saman med styreleiar.

ST 2/2025 Referatsaker

Saksprotokoll i Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen - 10.02.2025

Behandling

Nasjonalparkforvaltarane orienterte om referatsakene.

1) Opplegg for ferdselstellingar

Det blir truleg redusert tilgang på ferdselsteljarar frå Miljødirektoratet i år, men vi har søkt om 5. Har i tillegg 3 eigne. Spørsmålet om teljarar kjem opp i sak om prioritering av tiltaksmidlar i komande møte.

2) Møte mellom Utladalen nasjonalparksenter og forvaltinga i Utladalen landskapsvernområde - 22.10.24

Ulike saker om aktiviteten ved senteret vart gjennomgått. Senteret vil m.a. vera involvert i årssamling for Norges nasjonalparkkommuner som vil vera i Årdal 3.-5. juni i år. Styreleiar ønskte at det vart sendt invitasjon til Vang kommune, slik at også dei kan orientere seg meir om denne ordninga. Ordførar Christian Sønstelién ville følge opp dette. Han har elles ansvar for kontakt med politisk leiing i KLD for eventuell deltaking frå dei.

3) Statusrapport for Memurubu Minikraftverk

Arbeidet måtte avbrytast i fjor pga. svært vanskelege forhold med mykje vatn i terrenget. Dette medfører forskyving i framdriftsplanen med eitt år. Det er etablert god dialog med konsulent og tiltakshavar, og vi legg opp til administrativ behandling av revidert motorferdselplan, da det her vil vera lite endring i innhald ut over nye tidsrom for aktivitet.

4) Dialogmøte Jotunheimen / DNT-Oslo og Omegn

Dialogmøtet med DNT gjev verdifull informasjon om planlagt aktivitet og moglegheiter for å ta opp ting som krev tettare oppfølging. Vi fekk likevel ikkje nokon informasjon om utvida

opningstider på vinteresesongen i år som følgje av sein påske, men oppdaga dette da vi fekk kvisteplan med foreslåtte tidsrom frå DNT-OO. Vi har gjeve tilbakemelding om at dei må forhalde seg til det godkjende motorferdselløyvet frå styret som opnar for kvisting slik at løypene står klare ei veke før påske, men at det rundt hyttene Leirvassbu, Glitterheim og Gjendesheim som i år opnar allereie 20. mars kan kvistast til denne datoen. Mot ubetente hytter kan vi ikkje sjå at verdiskapingspotensialet er så stort at det kan forsvare å etablere kvista løyper lenge før påske og før det fleirårige motorferdselløyvet opnar for dette.

5) Skogadalsbøen mikrokraftverk

Mikrokraftverk ved Skogadalsbøen er ikkje lenger aktuelt. DNT-OO vil arbeide med andre energiløysingar, sjå styresak 6/2025.

6) Dialogmøte om vandrekart i Turtagrø-området

Det har vore eit dialogmøte med reiselivet og representantar frå villreinforvaltninga, og vi opplever forståing for at ordninga berekraftig reiseliv fordrar at omsyn til villrein må ivaretakast i størst mogleg grad.

7) Møte om motorferdsel i Utladalen

Møtet blir fylgd opp av Årdal kommune, med dialog med grunneigarane.

Vedtak

Referatsakene vart tekne til orientering.

ST 3/2025 Delegerte vedtak

Saksprotokoll i Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen - 10.02.2025

Behandling

Orientering til sak 3/2025 frå Kari Sveen, som saksbehandlar:

Delegert vedtak om øvingsplan for Lom og Bøverdalen RKH omfattar årleg ei helgeøving for korpset og ein kjentmannstur for nye medlemmer. Dei køyrer ikkje eigne rekognoseringsturar for å sjekke føreforhold eller skredfare. Planen er i stor grad ei vidareføring av tidlegare opplegg, og er godkjent av politiet i Innlandet, utan merknader.

Vedtak

Delegerte vedtak vart tekne til orientering.

ST 4/2025 Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen - Møteplan 2025

Innstilling frå forvaltar

Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen godkjenner følgjande møteplan for resten av 2024 med fastsetjing av dato der det er fleire alternativ å velja i:

Dato	Alternativ dato	Ramme for møtet
10. februar		Teams. Møteplan og innkomne saker
10. mars	3. mars	Teams. Budsjett 2024, prioritere tiltaksmidlar. Innkomne saker
13. juni		Luster
11. - 12. sept.		Styremøte og Rådgjevande utval, Årdal
28. november	17. november	Styremøte, søknad om tiltaksmidlar, Teams

Møtekalenderen blir supplert med møte i Arbeidsutvalet (AU) dersom det kjem saker som krev raskare avklaring og som ikkje er rutinesaker med høve til administrativ behandling.

--- slutt på innstilling ---

Saksprotokoll i Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen - 10.02.2025

Behandling

Det er vanskeleg å finne datoar som passar alle. Særleg juni baud på utfordringar, men ein må i enkelte høve nytte seg av ordninga med vararepresentant. Styreleiar viste til at ein i heilt særlege tilfelle kan ha ei tilpassing med digital deltaking dersom det dreiar seg om berre *ein* representant, men blanda møte med digital og fysisk deltaking kan fort bli uoversiktleg.

Ved å endre rekkefølga på dagane i møtet med Rådgjevande utval i september kan det vera enklare for fleire i styret å delta. Dvs. at ein held fast ved møtedagane 11.-12. september, men har styremøtet på første dag og samlar rådgjevande utval den 12.sept.

Vedtak

Møteplanen godkjent, men møtet i nasjonalparkstyret blir avvikla første dag av samlinga med Rådgjevande utval.

ST 5/2025 Jotunheimen NP - dispensasjon - 2025 - Ny avløpsløsning for Gjendebu - DNT Oslo og Omegn

Innstilling fra forvalter

DNT Oslo og Omegn får med hjemmel i § 3 pkt. 1.3 b) i verneforskrift for Jotunheimen nasjonalpark dispensasjon for utbedring av toalett- og avløpsløsning for Gjendebu turisthytte.

Tillatelsen omfatter følgende tiltak:

1. Installering av nytt renseanlegg av typen Wallax WOP3030 med prosessutrustning og forsedimentering på 22,6 m³, samt kum med effluentfilter, pumpekum og etterpoleringsfilter, som beskrevet i *SØKNAD OM UTSLIPPSTILLATELSE GJENDEBU TURISTHYTTE* utarbeidet av VA Prosjektering AS 02.12.2024.
2. Gravearbeid og tilrettelegging av grøfter og anlegg for etterpolering av avløp fra renseanlegget utføres slik at det blir minst mulig synlig i landskapet. Vegetasjonslaget på overflatene tas av og mellomlagres til infiltrasjonsområdet og grøftene er ferdige. De oppgravde områdene dekkes med stedegne overflatemasser ved anleggsavslutning, og skal ikke såes til med tilført frømateriale.
3. Trase for eventuell graving av grøft opp til utedoen på haugen må avklares ved befarings, for å unngå inngrep som skader særlig verdifull vegetasjon og rødlistearter.
4. Overskuddsmasser fra grøfter og infiltrasjonsområde plasseres slik at naturlig terreng gjenskapes i størst mulig grad. Massene benyttes som overdekning på infiltrasjonsanlegg / grøfter og i forbindelse med utbedring av internvegen nedenfor sovehuset. Større overskuddsstein som kan brukes for steinsetting/ forankring av ny brygge for Gjendebåten, kan deponeres i nærheten av brygga slik at gjenbruk blir mulig.
5. Tillatelsen gjelder i medhold av verneforskrifta for nasjonalparken. I tillegg kreves godkjenning fra Lom kommune som myndighet etter forurensningslova og plan- og bygningslova. Arbeidet kan ikke starte opp før alle tillatelser er på plass.
6. Tiltakshaver har ansvar for eventuell godkjenning fra grunneier (Statskog).

Det blir med hjemmel i § 3 pkt. 6.3 l) gitt tillatelse til bruk av motoriserte hjelpemiddel i forbindelse med gravearbeid og transport. Dette gjelder tilgjengelig maskinpark i Gjendebu, som bl.a. omfatter traktor med henger.

Dispensasjon for bruk av gravemaskin blir gitt med hjemmel i naturmangfoldlovas § 48, første ledd. Bruk innen et begrenset område preget av tidligere bygge- og gravearbeid blir ikke vurdert å gå ut over verneformål og verneverdier, forutsatt at arbeidene utføres i tråd med pkt. 2 og 4 over.

Dispensasjon for uttransport av avfall ved tømning av slamavskiller blir gitt med hjemmel i naturmangfoldlovas § 48 første ledd, og gjelder for bruk av beitelagets lekter på Gjende. Lekteren har kapasitet til å ta tette slamtanker med ut av nasjonalparken ved tømning/sesongslutt, for levering på godkjent mottak.

Det må legges fram en transportplan som viser hvordan materiell og utstyr til anlegget vil bli fraktet inn fra bilveg ved Gjendeosen. Godkjenning av transportplan i forbindelse med etablering av nytt renseanlegg delegeres til nasjonalparkforvalter.

--- slutt på innstilling ---

Saksprotokoll i Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen - 10.02.2025

Behandling

Saksbehandlar orienterte om tilrettelegginga.

Vedtak

Som innstillinga. samrøystes.

ST 6/2025 Utladalen landskapsvernområde - Dispensasjon - 2025 - Montering av nye solcellepanel på Skogadalsbøen og fasadeendring på materialboden - DNT Oslo og Omegn

Innstilling fra forvalter

Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen gir med hjemmel i verneforskrift for Utladalen landskapsvernområde § 3 pkt. 1.3 bokstav a) DNT Oslo og Omegn dispensasjon til å montere solcellepanel på følgende flater på Skogadalsbøen:

- det sørvendte taket over peisestua på hovedbygningen
- den sørvendte veggen over vinduene i spisesalen på hovedbygningen
- den sørvendte takflata på materialboden
- taket på selvbetjeningen

Dispensasjonen er gitt med følgende vilkår:

- Solcellepanela skal være svarte/mørk grå og matte/ha en coating for antirefleksjon.
- Solcellepanela skal monteres flatt på takflatene og den sørvendte veggen over vinduene i spisesalen.
- Solcellepanela kan dekke hele eller deler av takflatene og deler av sørveggen på hovedbygningen slik det går fram av figurene 4, 6 og 9 vedlagt søknaden (jf. avsnitt under saksopplysninger i denne saka).

Det er lagt særlig vekt på at tiltaket ikke vil påvirke verneformålet og verneverdiene nevneverdig.

Behandling av søknaden om fasadeendring ved innsetting av et nytt vindu og pipe som følge av innsetting av en badstue i materialboden, utsettes på grunn av manglende opplysninger i søknaden. Denne delen av søknaden vil kunne behandles sammen med trinn 2 av søknaden når det foreligger en plan for drift av badstuen.

Denne tillatelsen er kun behandla etter verneforskrifta og naturmangfoldlova.

Det må sendes egen søknad om nødvendig motorferdsel knytta til tiltaket, til kommunen i henhold til motorferdsellova og nasjonalparkstyret i henhold til verneforskrifta. Vedtak om dispensasjon for motorferdsel er delegert til forvalter.

Det er viktig at transport i forbindelse med byggearbeidet blir lagt til tider på året og gjennomført slik at negative virkninger på naturmiljøet blir så små som mulig.

Ved evt. skifte av takdekke tilrås det å skifte til svart farge, slik at solcellepanelene går mest mulig i ett med takflatene.

--- slutt på innstilling ---

Saksprotokoll i Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen - 10.02.2025

Behandling

Saksbehandlar orienterte om dei ulike elementa i tilrettelegginga.

Vedtak

Som innstillinga. Samrøystes.

ST 7/2025 Innspel til Klima- og miljødepartementet ang. organisering av verneområdeforvaltninga - Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen

Innstilling frå forvaltar

Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen sluttar seg til innhaldet i notatet som kommenterer dei enkelte punkta i brev av 05.02.2024 frå Klima- og miljødepartementet.

Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen og forvaltarane stiller seg til disposisjon som moglege representantar i ei referansegruppe for gjennomgang av organiseringa.

Dersom det blir foreslått vesentlege endringar i organiseringa av verneområdeforvaltninga, føreset nasjonalparkstyret at saka blir sendt ut på høyring.

--- slutt på innstilling ---

Saksprotokoll i Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen - 10.02.2025

Behandling

Nasjonalparkforvaltar reviderer utkastet til notat og legg til litt om rolleforståing og betre involvering av styret i saker som vedkjem forvaltarane.

Vedtak

Nasjonalparkstyret sluttar seg til innstillinga, med tilføyning av utfyllande tekst under punkt om rolleforståing.
Oppdatert notat sendast ut for godkjenning, og endeleg innspel blir sendt KLD seinast fredag 14.02.

ST 8/2025 Eventuelt

Saksprotokoll i Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen - 10.02.2025

Behandling

Generell orientering frå Stein Windingstad i SNO

1) Motorferdseleksyn i Valdres er vedteke prioritert frå leiinga i SNO i vinter. Her kan det også bli brukt SNO-tilsette frå andre område. Generelt ser det ut til å vera nokså liten aktivitet, da det for tida er lite snø og dårleg føre for snøskuter.

2) Motorferdsel på vegen i Utladalen. Det er ønskjeleg å får ordna forhold her for å kunne følgje opp med kontroll i tråd med regelverket. Ordførar Christian Sønsteli i Årdal orienterte om den pågåande dialogen med grunneigarane, og meinte at ein er i rute med arbeidet om klargjering av regelverket for å koma fram til ei felles forståing for korleis det skal praktiserast.

Vedtak

Det var semje om å setja 1 time til førebuing.